



## Statens vegvesen

Kjell Kålås  
Hjelmåsen 1  
5915 HJELMÅS

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
16/146744-4

Dykkar referanse:  
16/3599 –  
16/33520

Vår dato:  
03.01.2017

### Byggjegrænse – Dispensasjon – E39 – Gnr. 202 bnr. 1 – Hjelmås – Lindås kommune

Vi syner til søknad dagsett 13. september 2016 frå Kjell Kålås.

#### Vedtak:

Med heimel i veglova § 30 gir Statens vegvesen dispensasjon frå byggjegrænse for oppføring av garasje på eigedomen.

#### Vilkår for dispensasjonen:

Statens vegvesen har etter ei samla vurdering funne å kunne gi dispensasjon frå byggjegrænse på følgjande vilkår:

Tiltaket skal plasserast i samsvar med kart vedlagt søknad (vedlagt). Minste avstand frå bygning (medrekna takutspring) til senterline køyreveg/ev. gang- og sykkelveg må vere 34 meter.

Dersom tiltaket vil føre til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vere opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigen eigedom for å unngå rygging ut på offentleg veg.

Bygningen(e) og arealet må ikkje takast i bruk til andre føremål enn det som går fram av vilkåra i denne dispensasjonen.

Dispensasjonen inneber at det seinare ikkje kan gjerast gjeldande krav på erstatning for skadar og ulemper som eventuelt blir påført bygninga/tiltaket på grunn av nærleiken til E39.

Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år frå dispensasjonen er gitt, elles fell dispensasjonen bort.

Det er eit vilkår for dispensasjonen at det blir gitt naudsynt godkjenning frå kommunen.

**Bakgrunn for vedtaket:**

Byggegrenser skal ivareta omsynet til trafikktrygging, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ev utviding av vegen, og miljøet langs vegen.

Det er søkt om å oppføre garasje på gnr. 202 bnr. til bustadhus på gnr. 202 bnr. 1. Begge bruksnummer har same eigar. Lindås kommune har i brev av 7. desember 2016 stadfesta at tiltaket er i samsvar med føremålet i arealdelen av kommuneplan for Lindås. Tiltaket er plassert rundt 20 meter frå tryggingsgjerdet over tunnelmunninga til Hjelmåstunnelen.

Det er eit pågåande planarbeid for ny E39, og området og eigedomen ligg innanfor plangrensa til denne planen. Det kan difor på sikt kome endringar av veganlegget i dette området. Bakgrunnen for at søknad om dispensasjon er innvilga er at tiltaket er ein mindre garasje som ikkje skal nyttast til varig opphald.

**Rett til å klage:**

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan påklagast, jf. forvaltningslova §§ 28–36. Klagefristen er tre – 3 – veker frå du fekk dette vedtaket. Klageinstans er Hordaland fylkeskommune. Ei eventuell klage sendast til Statens vegvesen som sender over saka til klageinstansen.


Plan og forvaltningsseksjon, Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
overingeniør

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ



	Målte Grenser		Storre bustader
	Registrerte Grenser		Hytte/feriehus
	Udefinert grenser		Garasje/uthus
	Terrengmålte grense		Industri/lager
	Konstruert grensepunkt		Andre bygg
	Bolig		
	Bustad m/leilighet		
	Våningshus		

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.




Lindås kommune  
Geodata avdeling

Dato: 2016.07.12  
Eign: lito

G.nr.202 B.nr.37


Målestokk  
1:1000

$\times$  300  $\times$  2500  
 $\times$  300  $\times$  2500  
 6000



$\times$  1250  
 $\times$  100  
 $\times$  1250  
 $\times$  100  
 8000  
 $\times$  1250  
 $\times$  1000  
 $\times$  1250

GARASJE 1:1:50  
 KJELL PÅLÅS  
 2000



GARASJE M: 1:50  
 KJELL KÄLÄS  
 SNITT: Åmo 11/10